

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Arne Kristian Borger  
Arkivsaksnr.: 21/511-2

Arkiv: MTR Privat veg Leirdalen

---

## **Søknad om bomveg - Leirdalen grunneigarlag**

### **Rådmannen si tilråding:**

Med heimel i §56 i Veglova får Leirdalen grunneigarlag løyve til å krevje inn bompengar for motorisert ferdsel på den private vegen som går frå anleggsvegen gjennom dalen opp til Liabrotet.

Betalinga for å passere bommen skal vere kr. 50 for dagskort (per tur) og kr. 500 for årskort. Inntekta skal vere til vedlikehald av vegen.

Offentlege tenestepersonar i teneste skal kunne nytte vegen vederlagsfritt

## **Saksutgreiing:**

**Prenta vedlegg:** søknad, kart

**Uprenta vedlegg:**

## **Samandrag:**

Leirdalen grunneigarlag representert ved Grethe Kristin Leirdal søker (utan dato) om å få krevje inn bompengar på ein privat bilveg i utmarka opp til Liabrotet. Det er kommunen som gjev løyve til å kunne ta bompengar i slike saker. Luster kommune ser positivt på søknaden og går inn for å gje løyve til innkrevjing av bompengar

## **Utval som har vedtaksmynde:**

Plan og forvaltningsstyret.

## **Fakta:**

Etter §56 i Veglova må eigarar av private vegar søkja kommunen om løyve til å ta bompengar. Veglova seier og at kommunen skal fastsetja storleiken på avgifta. Den aktuelle omsøkte landbruksvegen dette gjeld startar ved anleggsvegen Tunsbergdalen og går opp til Liabrotet. Leirdalen grunneigarlag søker om å få godkjend omsøkte satsar som er kr. 50 for dagskort og kr. 500 for sesongkort. Gebyr for manglande betaling skal vere kr. 300 Dette er i samsvar med kva som er vanleg på slike vegar.

## **Vurdering:**

Vegen vart i følgje søkjar bygd av Statskraft i 2016 for å kunne ta ut stein til plastring av demningen i Tunsbergdalsvatnet. Slik vi forstår er då veggen overteken av grunneigarane i området etter dette.

På grunn av snøsesongen er det ikkje gjennomført synfaring av kommunen i samband med søknadsprosessen.

Vegen er i følgje søkjarane bilveg i god stand.

Kart over vegstrekninga viser at den utgjer ca. 1,7 kilometer og har ein stigningslinje som tilseier at veggen er relativt slak.

Vegen har ei breidd på ca. 4 meter, med utviding to plassar.

Det er ein del utgifter knytt til vedlikehald av vegar. Organisering som bomveg vil difor vere eit tiltak for å kunne få inn inntekter på veggen som kan nyttast til det.

Oppslag i Brønnøysundregisterene visert at Leirdalen Grunneigarlag ikkje er registrert med organisasjonsnummer. Det vil som regel vere eit krav frå banken om ein vil ha vil ha eigen bankkonto registrert på Leirdalen grunneigarlag for å halde styr på innbetalingane.

Dato: 12.03.21

Jarle Skartun  
rådmann

Magnus Snøtun  
Fagleiar landbruk

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til:

